

LANGE AKTIVITETAR

(SAME AKTIVITETEN BÅDE FØR- OG
ETTER MATPAUSEN)

TEIKNESERIE (6.-10. KLASSE)

Multitalentet Martin Mentzoni viser deg ulike metodar og teknikkar for å laga ein teikneserie: Idé, ruteinndeling, karakter og story. Når workshopen er slutt har du truleg laga di eiga side med teikneserie-striper, og kanskje blir det eit heilt hefte?!

YOUTUBING (7.-10. KLASSE)

Kristina (Halsnes) og kjærasten Tobias lærer deg om livet som youtubar. Saman med dei får du vera med å komma opp med idear til til ein film. Etter de har filma ein morsom video, legg de på kule effektar og musikk for å gi den meir liv. Kanskje du også blir ein youtubar?

SCENEGØY (7.-10. KLASSE)

Har du drøymt om å kunna fengsla eit heilt publikum? Mathias (Høyland) lærer deg nokre triks for å bli tryggare på scenegolv. Her er plass til dine egne scene-påfunn, og me håpar å sjå nokre frå gruppa som programleiarar på avslutnings-showet.

KUNSTNAR FOR EIN DAG (7.-10. KLASSE)

Jan Terje opnar atelieret sitt, og der får du læra om trykkteknikken grafikk og vera med på heile prosessen: Preparering, påføring av motiv, etsing, sverting, bruk av pressa - til du har ditt eige, ferdige kunstverk.

LYD-TEKNIKK (7.-10. KLASSE)

Bli med Torleif frå ABC-studio og få eit innblikk i korleis du jobbar med lydteknikk og prøv deg som live-lydteknikar på avsluttingsshowet vårt. Ein knallviktig del av førestillinga, men du slepp å stå på scenen.

BILDE-JOURNALIST (7.-10. KLASSE)

Vil du vera med å filma, intervju, redigera og knipsa stills? Elin (som har jobba i NRK) lærer deg triks om å laga nyhetssak, bakomfilm, ta stillbilde, stilla spørsmål og fanga situasjonar på film. Kjenn på tidspresset mot deadline!

HIP HOP DANCE WORKSHOP (8.-10. KLASSE)

Lær sprek koreografi med kule «moves» til kjekk musikk. Denne aktiviteten passar sjølv om du har null danse-erfaring frå før. Mari har plenty erfaring med dans, og gledar seg til å læra det vidare til deg.

Her er mange aktivitetar, og du må velja tre alternativ når du melder deg på. Dei endelege aktivitetane blir sette opp ut frå ønska til dei påmelde. Du får beskjed om kva aktivitetsgruppe(r) du er kommen med på veka før Kulturdagen.

PS: Føresette kan få lov å vera med «på side-linja» i aktivitetane viss du helst vil ha nokon med.

LAURDAG 5. OKTOBER PÅ SKAKKE:

KULTURDAG

for alle i barne- og ungdomsskolen kl 11:00–16:30

To økter med drøssevis av spennande ~~aktivitetar~~ du kan velja blant, *lunsj* og felles *avslutning* som er open for familie og publikum. Og det kostar ingenting! Hjelp til transport ved behov.

Påmeldingsfrist 29. september.

Meir informasjon og påmelding via etne.kommune.no eller kulturkontoret tlf 53 75 81 28/53 75 81 24



Arrangør:

Kulturskolen, Biblioteket og Kulturkontoret
i Etna kommune med gode hjelparar og støtte frå BufDir
(Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet)

KORTE AKTIVITETAR

(EIN AKTIVITET FØR- OG EIN ANNAN
ETTER MATPAUSEN):

MUSIKALSK OPPDAGINGSTUR (1.-4. KLASSE)

Bli med Morten på oppdagingstur og sjå kor mange ulike musikkinstrument de finn! Du får sjå, høyra kor fint dei kan låta og prøva å spela på dei, og dei kjekke kultur-skulelærarane hjelper deg.

DRAMALEIK (1.-4. KLASSE)

Grete inviterer til dramaleik, og her blir det masse fantasi, magi og litt tull og fjas. Kanskje blir det ei tidsreise også, der de treffer ein gut som heitte Magnus og budde i Etne for 1000 år sidan...?

FARGAR OG FANTASI (1.-4. KLASSE) (5.-10. KLASSE)

Eventyr, ord og steinar kan gi deg inspirasjon som blir til eit maleri. Aud Sigrid hjelper deg å vekkja fantasien og teikna fram bildet du ser for deg, og du får fargelegga med maling og oljepastell.

STRENGE-LEIK (1.-7. KLASSE)

Fiolin er magisk vakkert, men sikkert skrekkelig vanskeleg å spela? Nei, ikkje SÅ vanskeleg, seier Aleksandar, og lovar at når aktiviteten er ferdig, skal alle kunna spela ein melodi på fiolin i lag med han!

GITAR-KAMERATANE/ VENNINNENE (3.-10. KLASSE)

Torbjørn vil gjerne spela nokre knalltøffe songar i lag med deg i gitargruppa si! Du må helst kunna litt gitartabulatur/-noter, men ikkje meir enn du har lært i musikk-timane på skulen. Det blir viktig både å spela sjølv og å lytta på andre.

SONGKOR OG KORSONG (3.-7. KLASSE) (8.-10. KLASSE)

Er du glad i å synga og har lyst å prøva deg i eit kor? Audny og Monica har plukka fram ein godlåt, og dei har stor tru på at gruppene klarar framføra den som eit felles kor før dagen er slutt. Bli med, då vel!

BLANKE MESSINGEN (3.-7. KLASSE)

Lyst å vera ein ekte musikanter eller til og med korps-dirigent? Det finst messing-instrument frå ganske små til kjempedigre, og du får velja ditt. Linas lovar at alle klarar å blåsa lydar som blir til musikk før gruppa er slutt.

PIPEKAOS (3.-7. KLASSE) (8.-10. KLASSE)

Kyrkjeorgelet er «dronninga blant instrumenta» fordi det er mange forskjellige instrument samla i eitt! Hos organist Solveig får du spela på det, og ikkje minst: Bli ein del av orgelet sjølv! Korleis det skal skje? Vent og sjå...!



Måleri av C. Håheim/I. Eileraas

MARIMBA (3.-7. KLASSE) (8.-10. KLASSE)

Mauricio kjem frå Kvinnherad med bilen full av store marimbaer (eit slagverks-instrument) og trommer. Å spela er så enkelt at du treng ingen musikkunnskap frå før, og den muntre, Sør-Afrikanske musikken skal svinga skikkeleg på Skakke denne dagen!

DANS (3.-7. KLASSE)

Kom og ha det kjekt med dans, leik og musikk! Lena og Marie frå Turngruppa i Etne IL gler seg til å læra deg «På stedet-dans», ein lett dans med rytmiske kroppsbevegelsar til musikk som du likar.

DRAMA-QUEENS AND -KINGS (3.-7. KLASSE)

Har du lyst å testa om du har teater-talent? Saman med Grete får du øva inn små, løgne sketsjar, og kanskje du tør framføra dei på scenen? Uansett, dette blir mykje latter og løye!

HATTEN, TUSJEN OG SPØRSMÅLSTEIKNET? (4.-10. KLASSE)

Bli med Ingeborg på biblioteket på gøygal og uhøgtidleg tekst-verkstad. Du får testa ut tre ulike, kreative måtar å laga ein tekst på. Og til slutt får du favoritt-teksten din trykt på eit tøynett som du får med deg.

BAND (6.-10. KLASSE)

Ungdomsskule-elevar avslører korleis ein kan setje saman lette songar og likevel få det til å høyrast tøft ut når ein spelar det i lag med andre – i band! Få med vennene dine, - du treng ikkje ha spelt mykje før for å melda deg på her.